



Kyrkjevalet 2015

Kyrkjevalet 2015

Kyrkjevalet 2015 gjekk av stabelen samtidig med kommunestyre- og fylkestingsvalet 14. september. Det var god oppslutnad om valet, og resultatet vart gode sokneråd i alle sokn. Sokneråd og valfunksjonærar gjorde ein god jobb, og la ned mykje arbeid og tid for at det skulle bli eit godt val. Ein stor takk til dykk alle saman for innsatsen!

Valdeltaking:

Valdeltakinga var god, og med ein generell auke frå kyrkjevalet i 2011. Som de ser var oppslutnaden nær 60% i Fjærland – og det er jo berre fantastisk!! Likeså er ein auke på 4% i Stedje og Kaupanger kjekt å ta med seg!

Sokn:	Valdeltaking 2011:	Valdeltaking 2015:
Fjærland	52%	59%
Stedje	12%	16%
Norum	30%	28%
Leikanger	23%	25%
Kaupanger	27%	31%

Dei nye sokneråda trer i kraft frå 1. november 2015, og skal i sitt første møte konstituere seg sjølv. I sokneråda sit også soknepresten i soknet som fast medlem. I samband med konstitueringa skal dei også velje kvar sine representantar til fellestrådet (ein medlem og ein varamedlem kvar). Det nye fellestrådet trer så i kraft frå 1. desember 2015. I fellestrådet sit også ein prest og ein kommunal representant frå kvar kommune – Sogndal og Leikanger. Kyrkjeverje er sekretær for fellestrådet.

Ynskjer du å finne resultat frå valet frå andre kantar av landet finn du meir informasjon på www.kyrkjevalet.no.

Bispedømerådsvalet:

Resultatet frå bispedømerådsvalet og val til kyrkjemøtet er ikkje klart enno. Dette er fordi bispedømerådsvalet går i to valomgangar. Den første valomgangen går samstundes med soknerådsvalet, og det er den du som kyrkjemedlem deltek i. Dei tilsette har eige val på dei tilsette sine representantar i bispedømerådet, og kan difor ikkje røyste på det ordinere bispedømerådsvalet på valdagen. Andre valomgang (indirekte val) finn stad etter at dei nyvalde sokneråda har konstituert seg, og innan 1. desember. Soknerådsmedlemene samla i eit soknerådsmøte røystar då enkeltvis mellom dei personane som står att på bispedømerådlista, og som ikkje vart mellom dei dei direkte valde på valdagen. Til saman er det 10 medlemmar i bispedømerådet. 7 av desse er leke medlemmar som ikkje er tilsett i nokon stilling i Den norske kyrkja. 4 av desse 7 vart valde under direkte val på valdagen, medan dei resterande 3 vert valde ved den

indirekte valomgangen. Prestane og dei lek kyrkjeleg tilsette har så 1 representant kvar i bispedømerådet. Kunngjering av resultat av bispedømerådsvalet vil bli gjort når dette er klart. Kyrkjemøtet er samansett av alle bispedømeråda i landet, samt leiar av samisk kyrkjeråd.

Sokneråda vert valde for ein periode på 4 år. Soknerådet er samansett av 6 faste og 5 varamedlemar for sokna Kaupanger, Norum, Fjærland og Leikanger, medan det for Stedje sokn er 8 faste og 5 varamedlemar. Valet vert gjennomført som fleirtalsval, og dei personane med flest røyster vil utgjere soknerådet. Dei nye sokneråda våre blir då samansett slik – namna står ut frå stemmetal då dei ikkje har konstituert seg enno:

Fjærland sokneråd:

Nils Skeide

Berit Carlsen Orheim

Marianne Supphellen

Marita Kvitberg

Hilde Supphellen

Hans Haugen

1. vara: Gerd Turid Juklestad
2. vara: Siv Jane Rauboti
3. vara: Sverre Tufte Mundal
4. vara: Andre Øygard
5. vara: Klara Heimlid Bøyum

Stedje sokneråd:

Astrid Hove

Per Hilleren

Ove Bukholm

Sissel Aina Vatnamot Åberge

Lise Elvagjeng

Målfrid Myrkaskog Husnes

Gro Lerum Bondevik

Ottar Husum

1. vara: Jan Gunnar Bøthun
2. vara: Odd Solberg
3. vara: Omar Eggum
4. vara: Ingrid Monsen
5. vara: Jofrid Rogne

Norum sokneråd:

Rønnaug Dahl

Agnar Nornes

Edith Flatland

Anne Marit Venes

Per Henrik Hjelmeseter

Heidi Fondenes

1. vara: Gunnborg Irene Ylvisåker Lyngset
2. vara: Ellen Kristin Njøs Slinde
3. vara: Per Magne Fimreite
4. vara: Sollaug Boge Ølmheim
5. vara: Gunn Kjersti Bårdgard

Leikanger sokneråd:

Bjørg Anda

Bjørn Sandvik Søltnæs

Tom Sølve Myklebust

Kolbjørn Reidar Nord

Sindre Børsheim Ramung

Åse Kongsvik

1. vara: Tove Steinsås
2. vara: Svein Helge Frækaland
3. vara: Anna Helen Hamre
4. vara: Jorunn Fosse Fidjestøl
5. vara: Tone Britt Myklebust

Kaupanger sokneråd:

Einar Skeie

Kari Alme

Kenneth Bjørk

Christoffer Knagenhjelm

Vegard Hovland

Anne-Helene Lille-Homb

1. vara: Kirsten Anny Amledal
2. vara: Geir Bøyum
3. vara: Karen Helena Dalaker
4. vara: Britt Elin Yttri
5. vara: Svanhild Karin Beisnes

Me vil ynskje dei nyvalde sokneråda lykke til med arbeidet, og takk til dykk alle som deltok i årets kyrkjeval!

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide

kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger